

Kommentar til bilder:

Bilder er tatt i samband med byggteknisk synfaring utført av Synnøve Handeland i Kvinnherad kommune saman med tiltakshavar.

Generell kommentar:

Etter å ha gått gjennom samtlege bilder kan ein no fastslå at det er dokumentert at påstandar og omtale av situasjon og bygningsmessige søknadspliktige tiltak er utført på bygget. Viser i denne samanheng til mitt brev til til Synnøve Handeland, dagsett 25.06.2024. Brevet ligg som vedlegg.

Vidare kommentar:

Bilder frå utsida av bygg: Bygg/ Situasjon.

Bilder viser 100% nytt bygg med unnatak av køyrebru og gråsteinsmur som på grunn av ny innvendig sjølvbærande betongmur(gyllebaseng) berre fungerer som dekor.

Manglar:

Ingen bilder som viser som viser situasjon i høve til nabobygg. Ingen bilder som viser at veg til nytt lager går like i hushjørne på nabohuset, og markering kor rettskraftig veggrunn skal gå etter tinglyst skøyte.

Ingen bilder av store(ikkje omsøkte) masseutgravingar aust for bygget.

Bilder frå innsida av bygg:

Bilder viser at mine påstandar i brev av, 25.06.2024, om at alt er nytt bortsett frå gjennverande stokkar frå grindverk i opprinnleg grindverksbygg frå før 1870 er riktige. Gjennverande grindverk har Handeland fått med omfattande bildedokumentasjon av.

Trass i sterkt fokus på gjennverande grindverk kjem bærande konstruksjonar som: Nye stenderar/ reisverk i alle vegger(2. etg.), nye tversgåande limtredragarar i heile etasjeskille mellom andre og tredje etg., 100% ny takkonstruksjon fram på bilda.

Registrerar at det er dårleg med innvendige bilder frå nytt lager i 3. etg. med 200m² golvflate.

Manglar:

Ingen bilder av det nye gyllebasenget som er etablert på innsida av gråsteinsmuren, og som og skal motta husdyrgjødsel frå dyrehald i påbygg. Ein stor ny betongkonstruksjon som i tillegg til påkjenningar frå gylle, er bæring for husdyrgolv.

Ingen bilder som viser 21 lm langt forbrett, som i endpunkta er opplagra på nye betongvegger(gyllebaseng) og i felt 2 stk. vertikale betongsøyler. Forbrettet er bæring for husdyrgolv.

Desse nye konstruksjonane er bæring for alt husdyrgolv i bygget og svikt vil kunne føre til at dyr havnar i gyllebasenget og druknar.

Tiltakshavar har opplyst at til oppstøyping av desse konstruksjonane er det gått med meir enn 60 m3 ferdigbetong.

40 bilder er tekne, men ingen dokumentasjon av desse komplisert tiltaka vart gjort på synfaringa.

Dette er i grunnen rart, då desse tiltaka vart grundig omskrivne i mitt brev av 25.06.2024. Det er derimot svært god dokumentasjon av gjennerande, meir enn 150 år gammalt, grindverk.

Billedekninga frå synfaringa tyder på at ein har hatt langt større fokus på å dokumentere originale bygningsrestar, enn å dokumentere nye tiltak der det er sett fram påstand om søknadsplikt.

Arbeid utført i ettertid av synfaring:

Etter synfaringa vart gjennomført, er takkonstruksjon på « ulovleg bygg» bygd saman med tilbygg. Viser i denne samanheng til at Bergen kommune har vurdert arbeid på takkonstruksjon som søknadspliktig.

Følgeleg er det utført ulovleg/ søknadspliktig arbeid på bygget etter at det, 14.12.2023, vart gjort vedtak om søknadsplikt.

Avslutning/ konklusjon:

Bildeserien dokumenterar at einaste restar frå opprinnleg bygg er: Gjennerande grindverk, gråsteinsmur som berre fungerer som dekor på ny innermur, køyrebru som er nysikra med rekkverk.

Bildeserien dokumenterar at all øvrig bygningsmasse er ny, og at bygget er heilt ombygd. Sentrale nye bygningselement som gyllebasseng og forbrett, og avgjerande situasjon som tilkomst til lager er ikkje ikkje dokumentert.

Det som framkjem av bildedokumentasjon styrkjer kommunestyrevedtak av 14.12.2023, og viser at å avslutta saka med byggesak slik vedtaket seier, er ein forvaltningsmessig forsvarleg måte å avslutta saka på. Bilde- dokumentasjonen, eller rettare sagt det som ikkje er dokumentert, viser at kommunen ikkje burde ha nekta meg som nabo vera med på synfaringa – eller i det minste at ein bygningsmessig kompetent person hadde vore med.

Ivar Kåre Døssland